

Toppmusikarar frå Gudbrandsdalen

24.05.2012



**Dei har vore i Kvinnherad før og no kjem dei att, toppmusikarane Jon Faukstad (akkordeon og trekkspel) og Per Sæmund Bjørkum (fele) frå Gudbrandsdalen, nærmere bestemt Heidal og Vågå.**

**Klokka 19 tysdag gjev dei konsert i Helgheim og dagen etter kjem turen til Rosendalstunet og Ølve alderspensjonat klokka 11 og 13.**

**Ein kultur-redaktør i Oslo skreiv at det er ein deilig time med intelligent spel som forestår. Dei to har konsertert saman i meir enn 20 år, spelt inn CD-ar og fått glimrande kritikkar.**

Dei har turnert i heile Skandinavia, også Grønland, og hatt fleire turnear i Tyskland.

Bjørkum er førstefiolinist i Oslo Filharmoniske Orkester, men har i alle år også dyrka folkemusikken. Han er førsteamanuensis ved Norges musikkhøgskole og har fått Spelemannsprisen

Faukstad er trekkspelprofessor ved den same skulen og underviser både i folkemusikk og klassisk. Han har spela inn plater med begge og har turnert mellom anna i USA og Russland.

Eit særleg spennande musikalsk dokument dei to har laga er ei brursuite og den får vi sikkert høyra også til veka.

Biletet av dei to vart teke på Rosendalstunet då dei var der sist.

Foto: Ola Matti Mathisen